

Berre Trelasten er konkurs**11.05.2012**

**Det er berre selskapet Trelasten på Sandvoll som er konkurs, fastslår bustyrar og advokat Kjell Petter Neset på Stord på spørsmål fra uskedalen.no
Med andre ord berører ikkje konkursen dei 2 selskapa som Geir Rusten har i Uskedalen og som er igang med byggjeprosjekt.**

Det er Uskedalen Brygge i Beinavikjo som er inne i siste fase og Sagvåg Invest, som såvidt er igang med eit større kaianlegg ved Eikelandet.

- Så Rusten kjem til å halda fram med desse prosjekta?
- Det har eg ingen kunnskap om, dei er ikkje mitt bord, seier bustyraren.

Rusten har i den seinare tid hatt 4 mann i arbeid på dei 2 prosjekta her i bygda.

Av Ola Matti Mathisen